



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref
16/981-1

Dato
25.02.2016

Statsbudsjettet 2016 – Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift – Oppdragsbrev – Ramma er fastsett til 22,2 mill. kroner.

Tilsegn nr.: 504 020

1. Innleiing

Vi viser til Prop. 1 S (2015–2016) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Innst. 16 S (2015–2016). Departementet følgjer opp Stortinget sitt budsjettvedtak for 2016 gjennom dette oppdragsbrevet. Departementet viser til brev av 14. januar 2016 om fordeling av løyvinga i 2016 på kap. 551, post 60 *Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling*. Løyvinga omtalt under skal forvaltast i tråd med presiseringar i brev nemnt over.

2. Ramme for 2016

Løyvinga på posten er på 225,302 mill. kroner. Innanfor ramma er det sett av 88 mill. kroner til å dekkje tilsegnfullmakta frå 2015. I tillegg er det gitt ei tilsegnfullmakt på 50 mill. kroner som først blir utbetalt i 2017. Totalramma for nye tilsegn i 2016 er etter dette 187,302 mill. kroner.

Kompensasjonsordninga vil etter ein periode på 15 år blir avvikla etter 2018. Dette er lang tid for ei kompensasjonsordning, og næringslivet har hatt god tid å tilpasse seg

nivået på avgifta. Som ei nedtrapping mot 2018, er posten redusert i høve til 2015. Reduksjonen i kompensasjonsbeløpet blir fordelt høveleg likt mellom alle fylkeskommunane som blir tildelt midlar frå posten.

Føljande kommunar er i sone 4 a (sats 7,9 prosent)

- Troms: Tromsø
- Nordland: Bodø

Føljande kommunar er i sone 1 a (sats 10,6 prosent innafor eit fribeløp, deretter 14,1 prosent).

- Nord-Trøndelag fylke: Frosta, Leksvik
- Sør-Trøndelag fylke: Midtre Gauldal, Rissa, Selbu
- Møre og Romsdal fylke: Aukra, Eide, Gjemnes, Haram, Herøy, Midsund
- Sogn og Fjordane fylke: Flora, Førde, Sogndal.
- Hordaland fylke: Etne, Kvam, Modalen, Bømlo.
- Rogaland fylke: Vindafjord, Finnøy
- Vest-Agder fylke: Audnedal, Åseral, Hægebostad, Sirdal.
- Aust-Agder fylke: Vegårshei, Iveland
- Buskerud fylke: Sigdal
- Oppland fylke: Gausdal.

Ramma til Sogn og Fjordane fylkeskommune er fastsett til 22,2 mill. kroner

Tabell 1 viser fylkesfordelinga av midlane. Av ramma på 187,302 mill. kroner, kan 50 mill. kroner først bli utbetalt i 2017. Dette går fram av vedlagte tabell 1.

3. Overordna regional- og distriktspolitiske mål og strategiar

Måla i regional- og distriktspolitikken er å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret, ta i bruk dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for størst mogleg nasjonal verdiskaping, sikre likeverdige levekår og gje alle reell fridom til å busetje seg der dei vil.

Departementet har eit særleg ansvar for å bidra til å utløyse verdiskapingspotensialet i område med geografiske og demografiske utfordringar når det gjeld vekst og utvikling.

Regjeringa vil leggje grunnlaget for å styrkje vekstkrafta og sikre gode levekår i alle delar av landet. Regjeringa fornyar regionalpolitikken gjennom ei brei tilnærming og prioriterer dei generelle rammevilkåra for næringslivet og ei utvikling av samspelet mellom byar og regionar.

Departementet legg til grunn at næringslivet vert trekt aktivt inn i arbeidet når det gjeld prioritering i bruken av midla.

4. Nærare om bruken av kompensasjonsmidlane

Fylkeskommunane prioriterer sjølve mellom ulike typar innsats i samråd med sine regionale partnerar innanfor nasjonale mål, forskrift og retningslinjer for posten, jf. Prop 1 S. og vårt brev av 14. januar 2016. Midlane skal medverke til å nå dei same måla som for post 60. Innafor desse måla skal det leggjast særleg vekt på å utvikle næringsliv og arbeidsplassar i område som ikkje fekk innført differensiert arbeidsgjevaravgift på nytt, eller som fekk innført ordninga med høgare sats enn før 2004. Midlane skal, som hovudregel, nyttast i desse områda med mindre det er semje mellom partane om at midlane skal ha eit anna geografisk nedslagsområde. Det kan vere fornuftig med samarbeid på tvers av regionar og kommunar for å fremme ei positiv utvikling i dei områda ordninga gjeld.

Ut over dette viser vi til vårt brev av 14. januar, punkt 4 *Oppdrag til fylkeskommunane* og punkt 5 *Nasjonale verkemiddelaktørar og andre løyvingar under KMD*.

5. Forskrift og retningslinjer

Løyvinga som er stilt til rådvelde, skal disponerast i samsvar med Prop. 1 S (2015–2016), forskrift og retningslinjer for kap. 551, postane 60 og 61, statsstøtteregelverket, brevet frå departementet av 14. januar 2016 og presiseringar i dette oppdragsbrevet.

6. Overføring av midlar

Midlane til fylkeskommunane blir overførte to gonger i året: ca. 1. mai og ca. 1. oktober. Ramma som er gitt som tilsegnsmakt, blir utbetalt i januar 2017. Departementet kjem til å overføre midlane til dei same kontoane som i 2015 viss ikkje fylkeskommunane gjev beskjed om noko anna.

Med helsing

Gerd Slinning (e.f.)
avdelingsdirektør

Eli Nygaard
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi til:

| | | | |
|-----------------------------------|----------------------|------|-----------|
| Distriktssenteret | Ogndalsvegen 2 | 7713 | STEINKJER |
| Distriktssenteret | Ogndalsvegen 2 | 7713 | STEINKJER |
| Innovasjon Norge Hovedkontoret | Postboks 448 Sentrum | 0104 | OSLO |
| Innovasjon Norge Sogn og Fjordane | Postboks 52 | 6861 | LEIKANGER |
| Kulturdepartementet | Postboks 8030 Dep | 0030 | OSLO |
| Kunnskapsdepartementet | Postboks 8119 Dep | 0032 | OSLO |
| Landbruks- og matdepartementet | Postboks 8007 Dep | 0030 | OSLO |

| | | | |
|----------------------------------|-------------------|------|-----------|
| Distriktssenteret | Ogndalsvegen 2 | 7713 | STEINKJER |
| Nærings- og fiskeridepartementet | Postboks 8090 Dep | 0032 | OSLO |
| Riksrevisjonen | Postboks 8130 Dep | 0032 | OSLO |
| Samferdselsdepartementet | Postboks 8010 Dep | 0030 | OSLO |